



**Sogn og Fjordane
Orienteringskrins**
Orientering - meir enn idrett!

Presteholten 15
6810 Førde
Tlf 91 81 95 45
Bankgiro: 3700.61.15110
E-post:
joan.mageroy@mentor.no

Ungdoms-/krinslagssamling og pinseløpene på Hedmarken 8.– 10. juni

Det nærmar seg pinse og ungdomssamling/krinslagssamling på Hedmarken. På samlinga vil det vere særskilt fokus på/oppfølging av ungdomar i alderen 14 - 20 år, men samlinga er open for alle. Dei under 14 bør ha med forelder, eller avtale med vaksen som er med.

Det er leigd eit stort hus i Stange/Minnesund med 21 sengeplassar fordelt på 6 soverom. Så langt er det 16 påmeldte frå Vetten, Markane og Førde som vil bu i huset (i tillegg kjem ein familie som vil bu i campingvogn), men er du rask med å melde deg på, så kan du også få plass i huset. Blir det „overbooking“, vil vi prøve å få leigd ei hytte i tillegg.

Overnattinga er bestilt frå laurdag til måndag.

Alle må ha med mat/niste til reisa og første løp (laurdag).

Fellesmåltid: Laurdag kveld, søndag frukost + middag/kvelds og måndag frukost + niste. Fellesmåltida, køyregodtgjersle **ved felles transport** og overnatting blir dekt av krinsen. Eigenbetalinga for ungdommane og leiarane (Knut Even Hole og Ivar Bergset) er kr 1.350,- og blir fakturert dei ulike o-gruppene. Vaksne (utanom leiarane) betaler sjølvkost, dvs. at dei blir fakturerte fullt ut for sin del av alle kostnadene.

Dersom nokon kan stille som sjåfør; skriv det i påmeldinga. Krinsen betaler køyregodtgjersle for bilar som køyrer fellestransport med kr 3,- pr km og kr 0,50 pr km pr passasjer.

Bindande **påmelding til samlinga innan 24. mai** på knuteh@hotmail.com (Knut Even Hole), eventuelt på telefon 902 01 994 på kveldstid.

Alle som **ikkje har skyss** må melde frå om det ved påmelding til samlinga.

NB! Påmelding til løpa må ordnast gjennom kvart enkelt lag.

Informasjon om dei ulike løpa finn du i vedlegget og på følgjande link:

<http://www.pinselopene.no/>

Helsing
Sogn og Fjordane Orienteringskrins

Knut Even Hole (samlingsansvarleg)
Tlf 902 01 994

Johan Magerøy (krinsleiar)
Tlf 918 19 545